

Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestland fra Vestland fylkeskommune - 2021

Gjennom dette brevet overfører Vestland fylkeskommune midlar til Innovasjon Norge Vestland sin innsats for 2021 under ordningane Bedriftsnettverk, Mentortenesta for gründerar, og Landsdekkjande etablerartilskot., samt bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta . Overføringa vert dekka av midlar frå Statsbudsjettet Kap. 553, post 61.

Totale midlar som vert overført til Innovasjon Norge Vestland frå Vestland fylkeskommune for 2021 er kr 75 766 000.

1. Overordna føringar

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggjast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. Måla er lagt til grunn i denne planen.

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Fylkeskommunen har med god medverknad frå partnarskapen utvikla ei ny Regional plan for innovasjon og næringsutvikling som er send til høyring i fylket og vil bli lagt fram for politisk handsaming sumaren 2021.

I høyringsutkastet fremjar fylkeskommunen ein visjon for næringsutvikling og innovasjon i Vestland:

- Nyskapande og berekraftig

Planutkastet har eit hovudmål:

- Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

Fylkeskommunen takkar Innovasjon Norge for god medverknad til utforming av planutkastet. Planen vil danne grunnlaget for samspelet mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge i åra som kjem.

Regionale utfordringar

Fylkeskommunen gjennomførte i 2021 studien Vestlandsscenarioar som har gjeve eit godt kunnskapsgrunnlag for planarbeidet og det vidare arbeid med innovasjon og næringsutvikling

Scenaria viser at vestlandske næringsliv må verte meir robust for ei klimavenleg framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har stort potensial for låge klimautslepp, god lønsemd og internasjonal vekst. Framtidsscenario for næringslivet i Vestland fram mot 2035 viser både kva vi bør jobbe med for å styrke verdiskapinga i fylket, og kva som kan skje dersom det eksportretta næringslivet ikkje klarar å tilpasse seg utviklinga med nye internasjonale krav og skjerpa konkurranse. Scenarioet viser at grøn omstilling og verdiskaping er heilt avgjeraende for å lukkast.

Næringslivet i Vestland står overfor ei rekke krevjande utfordringar i åra som ligg føre oss. Koronakrisen har råka ei rekke viktige næringar i regionen særleg hardt. Handel og servicenæringar som er særskilt viktige i Bergen og andre større tettstader og reiselivsnæringa i heile fylket, er hardt ramma av nedstengingar. Reiselivsnæringa som er viktig i mange kommunar er sterkt ramma av reiserestriksjonar. I tillegg er deler av industrien ramma av redusert aktivitet internasjonalt, karantenevedtak og redusert tilgang på utanlands arbeidskraft. Det er venta at kriza, nedstenging og svikt i omsetning vil fortsette godt inn i 2021. Samstundes kjänner mange

verksemder og lokalsamfunn etterverknadene av nedgangen i oljeverksemda og endringane i dei globale energimarknadene. Den krevjande omstilling til det grøne skiftet er i full gang.

2. Oversikt over midlar stilt til disposisjon for 2021

Totale midlar som vert overført til Innovasjon Norge Vestland frå Vestland fylkeskommune for 2020 er kr 75 766 000. Desse midla skal gå til dei bedriftsretta ordningane Bedriftsnettverk, Mentortenesta for gründerar, samt Landsdekkjande etablerartilskot. Tidlegare kap. 550, post 62

Basert på innspel frå Innovasjon Norge Vestland vert midla fordelt slik:

- | | |
|--------------------------------------|--------------|
| • Bedriftsnettverk | kr 4 000 000 |
| • Mentortenesta | kr 1 500 000 |
| • Etablerartilskot marknadsavklaring | kr 5 000 000 |

Det vert overført kr 65 266 000 til Bedriftsretta låne- og tilskuddsordningar i distrikta.

Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Løyvinga inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for den forvaltinga Innovasjon Noreg gjer av ordningane. Kvar fylkeskommune har ansvaret for å dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnadene for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen.

Innovasjon Noreg sentralt bereknar vederlaget for administrasjons- og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag basert på erfaringstal.

Vederlag for særskilde satsingar utover dei ordinære tenesteleveransane, må Innovasjon Noreg avtale med den einskilde fylkeskommunen.

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader overstig berekna ressursbruk, skal Innovasjon Norge varsle fylkeskommunen om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til formålet skal avklarast med fylkeskommunen og leggast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnad. Dersom Innovasjon Norge har ubrukte midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, overførast dette til neste års oppdrag.

Beløpet som skal nyttast til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje spesifisert i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapporteringar av faktiske kostnader.

3. Regionale føringar og prioriteringar

Fylkeskommunen visar til Handlingsplan for Innovasjon og næringsutvikling for 2020 og ber Innovasjon Norge basere sine prioriteringar på dei same strategiske satsingane. Fylkessdirektøren viser til vedtak i politisk sak 2020/78418-1.

Handlingsplanen er i utgangspunktet innretta mot sju strategiske innsatsområde. Prioriteringa av innsatsområda er basert på gjeldande planverk, rapporten «*Vestland - utfordringar for fylket og regionane*», samt innspel frå partnarskapen til Vestland fylkeskommune. Innsatsområda er:

- Omstilling
- Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon
- Vekst gjennom entreprenørskap, nyskapning og internasjonalisering
- Forsking for å styrka innovasjonsevne
- Kompetanse og karriere
- Berekraftige byar og samfunn
- Naturresursforvaltning

Rapporten «*Vestlandszenarioene 2020*» frå EY - tinga av Vestland fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd og Bergen kommune - byggjer vidare på desse innsatsområda. I denne rapporten er det skissert ei ønska utvikling fram mot 2035 med utgangspunkt i følgjande hovudtrekk:

- Realisere identifisert potensiale i alle eksportnæringane
- Utsatte beslutningen om å elektrifisere Nordsjøen for å sikre nok nettkapasitet
- Auke eksportandelen og snu eksportprofilen frå råvare til teknologi og tenester
- Skalere pilotar i de nye verdikjedene
- Utnytte våre konkurransefortrinn og bygge sirkulære forretningsmodellar på tvers av partnarar og geografi
- Ta de riktige vala i tide

4. Fylkeskommunen si vektlegging av måla

Handlingsplan for innovasjon og utvikling i Vestland 2021 ligg til grunn for vektlegging av måla i regionen. Det vert forventa at Innovasjon Norge Vestland jobbar i tråd med visjonen og innsatsområda i handlingsprogrammet.

5. Koordineringsbehov

Vestland fylkeskommune er leiaren av partnarskapen for regional næringsutvikling, ansvarleg for strategisk planlegging og har det politiske ansvaret for heile breidda i det regionale samordnings- og utviklingsarbeidet. Innovasjon Noreg Vestland har som formål å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling, og utløyse ulike distrikt og regionar sine næringmessige mogelegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering basert på prioriteringar gjort i planane og handlingsprogrammet.

Hausten 2018 vart det signert ein partnarskapsavtale mellom Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland, SIVA, og Forskningsrådet. I avtalen vart det definert to ambisjonar ein vil samarbeide særskilt om; katapult-ordninga og klyngeprogrammet. Det vil her vere behov for god dialog spesielt rundt utviklinga av klyngeprogrammet, sidan dette er forvalta av Innovasjon Norge. Ny avtale er under utarbeiding.

6. Særlege regionale prioriteringar

Styrka satsing på entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling Den årlege styrka satsinga på entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling på kr 900.000, etablert av Vestland fylkeskommune, inngår no som ein del av det totale tilskotet jamfør endringa som vart gjort frå og med 2018.

Innovasjon Norge tok aktivt del i forprosjektet Heilskapleg entreprenørskapstøttesystem og vi ber om at Innovasjon Norge held fram med arbeidet for å optimalisere for bedrifter og rådgjevare i innovasjonsnettverket

Bakgrunnen for denne satsinga er at det er viktig med ei styrka og god koordinering av alt målretta arbeid med entreprenørskap i Vestland. Partane er einige om at eit sterkt og variert økosystem for entreprenørskap, både med offentlege og private aktørar, over tid vil bidra til varige konkurransefordelar for gründerfylket Vestland. Innovasjon Norge Vestland skal vere det sentrale, operative organet for ei styrking av entreprenørskapsarbeidet i fylket.

Brukargruppe

Vestland fylkeskommune ynskjer å bidra til eit inkluderande næringsliv der mangfald vert teke i bruk som ein ressurs for innovasjon. Vi ynskjer spesielt at Innovasjon Norge Vestland har fokus på å nå, til dømes, fleire kvinner og fleire fleirkulturelle.

Gjennom prosjektet «Sogn for alle» er vi kjende med at nokre bedrifter vurderer å søkje nettverksmidlar for å rekruttere innvandrarar med relevant kompetanse. Dette er i tråd med fylkestingsvedtak.

Eksport og internasjonalisering

Vestland fylkeskommune vil følgje opp arbeidet med å ruste opp organiseringa av eksportapparatet til norsk næringsliv. Fylkeskommunen føreset at dette best kan gjerast av Innovasjon Norge med utgangspunkt i tett kontakt med dei eksporterande bedriftene i fylket. Vi ber om at Innovasjon Norge følgjer dette opp gjennom 2021.

Vi føreset at Innovasjon Norge i samarbeid med Siva og operatørane i innovasjonssystemet samarbeider med sikte på å gjøre Innovasjon Norge sin kapasitet og kunnskap om Internasjonalisering, eksport og finansiering meir tilgjengeleg for verksemndene som er engasjert gjennom inkubatorar og næringshagar.

Innovasjon Norge har gjennom si nasjonale og regionale rolle ein posisjon og kunnskap som er svært viktig for at fylkeskommunen kan fylle rolla si som samfunnsutviklar. God dialog og tett samarbeid er viktig for fylkeskommunen og vi ønskjer at Innovasjon Norge fortsatt skal ta aktivt del i Næringsforum og i det regionale partnarskapet.

Vi føreset og at Innovasjon Norge tek del i vidare arbeid med å lage handlingsprogram og arbeidet med å følge opp planen.

Klynger

Det er eit mål å legge til rette for at fleire miljø og bedrifter kan ta del i nasjonale strukturar og ordningar som bidrag til verdiskaping. Eit viktig døme er Innovasjon Norge sitt klyngeprogram. Det er særskild relevant for klyngefylket Vestland å arbeide for hub-node konstellasjonar der modne klyngar kan bidra til auka verdiskaping i heile fylket.

7. Krav til dokumentasjon av resultat

Rapportering til fylkeskommunane baserer seg i hovudsak på Innovasjon Norge sitt mål- og resultatstyringssystem (MRS-indikatorar på resultat og effekt) og støttande analyser for rapportering på dei regionale oppdragene. Innovasjon Norge skal rapportere årleg på kor stor del av midla som er henta ut for å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader i det enkelte fylke. Dersom rådgjevingstenester og tilretteleggingsarbeid inngår i desse kostnadane, skal dette gjerast greie for i rapporteringa. Innovasjon Norge skal i tillegg rapportere på særlege regionale prioriteringar og utarbeide fylkesvis statistikk på leveransar av finansielle og ikkje-finansielle tenester. Det bør utarbeidast slik rapportering to gongar i året, årsrapport innan 1 mars kvart år, samt halvårsrapport innan 1 september kvart år.

8. Styringsdialog

Det er lagt opp til tre regionale styringsmøter i 2021 mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge Vestland, jamfør årshjul for regional styringsdialog. Dette kan endre seg ved behov. Fylkeskommunen er ansvarleg for innkalling. Det er eit mål at på same dag som styringsmøta blir gjennomført, samlar ein den regionale partnarskapen Siva, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet til eit felles møte, jamfør partnarskapsavtalen.

Tema for styringsdialogen er blant anna endringar i behova i dei ulike ordningane, samt kvartalsvise kostnader knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapporteringar av faktiske kostnader.

Årshjul for regional styringsdialog og felles styringsdialog vert lagt til grunn for dialog, budsjettinnspel, rapporteringsfrister og utbetalingsfrister.

Innovasjon Norge Vestland skal sende budsjettinnspel på post 61 samla sett til alle fylkeskommunane innan 15. mars, med kopi til KMD. Forslaget drøftast i nasjonalt samarbeidsforum på våren.

Innovasjon Norge Vestland skal sende forslag til nye satsingar (landsdekkande) under post 61 til fylkeskommunane innan 15. september, med kopi til KMD og NFD. Forslaget skal drøftast i nasjonalt samarbeidsforum på hausten.

9. Utbetaling av midler

Fylkeskommunen skal utbetale midla til Innovasjon Norge i to delar: ei forskotsutbetaling innan 1. februar og ei andre utbetaling i august. Dersom utbetalingera omfattar midlar frå andre postar enn kap 553, post 61, må det i betalingsinformasjonen gå klart fram kva kapittel og postar på statsbudsjettet utbetalinger gjeld.

I tråd med informasjon fra Innovasjon Norge vil midla bli overført til konto 7694.05.68079